

Fra: Anne-Lise Næs Olsen
Sendt: 15. september 2014 10:42
Til: 'Marit Røttingen'
Kopi: Niels Torger Granum; Kristin Nåmdal; Mette Marei Træland
Emne: SV: ang holsbergåsen

Hei.

Når det gjeld barnetråkk så ligg desse registreringane ikkje offentleg enda som eg kan finne, og eg trur ikkje det er gjort registreringar akkurat i dette området. De kan eventuelt ta kontakt med Kristin Nåmdal som arbeider med kommuneplanen og høyre med henne.

Når det gjeld skule og barnehagekapasiteten så må eg sende spørsmålet vidare til Kultur og oppvekst før eg kan melde tilbake til Dykk.

Når det gjeld leikeareal og MUA så kan De i utgangspunktet sjå til det som er føreslege i «HØYRINGSUTKAST Planføresegner versjon 04062014 11», sjå under:

1.6.11 Areal for opphald ute (MUA), jf. pbl § 11–9, nr 5 og 8

Arealkrav

- I område for eine- og tomannsbustader skal det setjast av MUA = 200 m² pr. hovudbustadeining
- Når det samla vert bygd fleire enn 4 hovudbustadeiningar, skal i tillegg min. 25 m² pr. hovudbustadeining setjast av til felles leik
- I område for konsentrert busetnad, skal det setjast av MUA = 50 m² pr. hovudbustadeining og i tillegg min. 50 m² pr. hovudbustadeining for felles leik
- For kvar 10. hovudbustadeining skal det i alle bustadområde i tillegg setjast av eit areal på 250 m² til områdeleikeplass, som skal leggst til rette med ballbane eller liknande, og ikkje vere lenger unna nokon av bustadene enn 200m
- Ved etablering av sekundærbustad (SEK) vert det eit tillegg i MUA = BRA (SEK)

Her er også ein del detaljar i Tab. 5 under pkt. 1.6.10 i same dokumentet som De kan sjå på som førebels føringar.

Ta kontakt ved vidare spørsmål.

Med venleg helsing

Anne-Lise Olsen
Plansakskonsulent
Tlf. 56171000/1173
e-post: Anne-LiseNaes.olsen@meland.kommune.no

Fra: Marit Røttingen [<mailto:Marit@abo-ark.no>]

Sendt: 9. september 2014 14:50

Til: Anne-Lise Næs Olsen

Emne: ang holsbergåsen

Hei igjen,

Viser til telefonsamtale, og har nokon punkt som eg lurar på til planen:

- Er det mulig å få tak i barnetråkkregistreringar(som er vist til i forslag til planføresegner til kommuneplanen?)
- Skule og barnehagekapasitet i området, også sett i høve til gjeldande plan.
- Kva krav til leikeareal og minste uteopphaldsareal er sett til planen? (kjem ikkje heilt klart fram av forslag til planføresegner for arealdel kva som krevjast).

Vennlig hilsen

Marit G. Røttingen

Arealplanlegger

406 96 616



Hamnevegen 53

Pb.291

5203 OS

marit@abo-ark.no

www.abo-ark.no